

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 20.10.2016
Tidspunkt: 10:00 – 14.15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Åse Gunn Husebø	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Sara Økland	Medlem	Uavh

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Åsne Hagen	Terje Kollbotn	R
Økland hadde ikkje meld avbod,	difor var det ikkje innkalt vara	

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Merete Larsen	Forvaltningsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 106/16
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor i Deloitte, sak PS 104/16
Iver Fiksdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte, sak PS 104/16
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 101/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 102/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 103/16	Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Revisjonsrapport	2016/1940	
PS 104/16	Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 105/16	Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Forslag til prosjektplan	2016/9440	
PS 106/16	Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/9439	
PS 107/16	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2015/11179	
PS 108/16	Bestilling av selskapskontroll	2015/11183	
PS 109/16	Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune	2016/2596	
PS 110/16	Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssamband Halsnøy	2014/14567	
PS 111/16	Oppfølging - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570	
PS 112/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular	2014/10533	
PS 113/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll	2014/10535	
PS 114/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring	2014/10536	
PS 115/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular	2014/24576	
PS 116/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania	2015/5589	
PS 117/16	Handlingsplan - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS	2015/943	
PS 118/16	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar	2015/8847	
PS 119/16	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon skuleskyss	2015/8848	
PS 120/16	Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 121/16	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 122/16	Referatsaker		
RS 50/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. september 2016	2015/10348	
RS 51/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. september	2015/10845	
RS 52/16	Vedtak i FUV 21.9.16 - Godkjenning av tre prosjekterkenskap	2016/2768	
RS 53/16	Sak i TING 4.10.16 - Finansrapport 2. tertial 2016	2016/4239	
RS 54/16	Sak i TING 4.10.16 - Tertialrapport pr. august 2016	2016/4239	
RS 55/16	Sak i TING 4.10.16 - Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2016	2015/12601	
RS 56/16	Fylkesskatt august 2016	2015/12603	

RS 57/16	Vedtak i TING 4.10.16 Plan for forvaltningsrevisjon	2015/11179
RS 58/16	Vedtak i TING 4.10.16 Plan for selskapskontroll	2015/11183
RS 59/16	Vedtak i TING 4.10.16 Selskapskontroll av arkivplikta	2015/8849
RS 60/16	Kurs i styrearbeid i regi av Deloitte	2014/10532
RS 61/16	Felles nasjonalt tilsyn 2016 - Tilsynsrapportar	2015/8456
RS 62/16	Avslutning av Felles nasjonalt tilsyn	2016/4656
PS 123/16	Eventuelt	

PS 101/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 102/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 103/16 Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å innføre retningslinjer knytt til kven som kan kjøpe inn varer ved skulane som omfattar:
 - a) kven som har høve til å kjøpe inn varer og tenester til skulen, kva typar varer/tenester og beløpsgrenser
 - b) krav til kva opplæring dei som har ansvar for innkjøp skal ha
2. At pågåande ulovlege innkjøp ved skulane som er påpeikt i rapporten vert avslutta og gjennomført med konkurranse i samsvar med krava i regelverket
3. At det snarast vert etablert kontrollrutinar ved skulane for å avdekke og følgje opp eventuelle brot på rutinar og regelverk i innkjøpsarbeidet
4. Å utarbeide oversikter over varelager og rutinar for vareteljning
5. Å utarbeide oversikter over maskiner og utstyr
6. Å utarbeide retningslinjer for dokumentasjon og kontroll av kontantsal, og sørgjer for at kontantsal blir handtert i samsvar med krav i bokføringsforskrifta
7. Å formalisere alle utlån og utleige av maskiner og utstyr
8. Å utarbeide prosedyre for innhenting av tilbud frå fleire leverandørar, slik det er lagt opp til i retningslinjene, som einingane kan støtte seg på i gjennomføring av mindre innkjøp
9. Å gjennomgå retningslinjer knytt til utlån, utleige og avhending, og sikre at skulane vert gjort kjende med retningslinjene
10. Å vurderer å setja minimumskrav til opplæring for alle som har fullmakt til å gjennomføra

- anskaffingar, og vurderer om innkjøpsseksjonen i så fall bør få ansvar for å følgja opp minimumskrava til opplæring i fylkeskommunen
11. Å vurdere om det er mogleg å finna betre metodar for å innhenta meir pålitelege data for måltalet «andel kjøp innanfor avtale»»
 12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet, med kopi til fylkestinget, innan 1.2.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Merete Larsen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan innkjøp i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet bad sekretariatet vurdere korleis ein kan finna ut om forretningsdrifta ved alle tre reviderte skular er innanfor dei retningslinene som gjeld eller om dei driv ein butikk i konkurranse med privat næringsliv. I dette ligg det m.a. dette:

- Kva bør dei selge?
- Korleis vert prisinga gjort?
- Er det fare for kryss subsidiering?
- Her ligg det også ei vurdering av om kontrollutvalet i neste møte bør bestille ein tilleggsrevisjon

Vidare ønskjer kontrollutvalet at sekretariatet i samarbeid med Deloitte kjem med forslag til prioritering av dei 11 tiltaka i forslag til innstilling. Gjerne at nokre av punkta vert slått saman.

På bakgrunn av det som kjem fram over vart det samrøystes vedteke at saka vert utsett til neste møte.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet vurdere korleis ein kan finna ut om forretningsdrifta ved alle dei tre reviderte skulane er innanfor dei retningslinene som gjeld eller om dei driv ein butikk i konkurranse med privat næringsliv.
2. Vidare ønskjer kontrollutvalet at sekretariatet i samarbeid med Deloitte kjem med forslag til prioritering av dei 11 tiltaka i forslag til innstilling.
3. Saka vert utsett til neste møte.

PS 104/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo og Iver Fiksdal frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 105/16 Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar frå

- Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 31.10.2016.
 3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
 4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.
 5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
 6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 24.4.2017, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan når det gjeld forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart gjort ei mindre tilføyning i problemstilling 4.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 31.10.2016.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 24.4.2017, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 106/16 Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Merete Larsen frå Deloitte orienterte om status i høve pågåande selskapskontroll av Hordaland Teater og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 107/16 Bestilling av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging.

Føremål med forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging er å sjå om rutinane for prosjektplanlegging er hensiktsmessige innan samferdselavdelinga og eigedomsavdelinga med tanke på kostnadsstyring.

Problemstillingar/moment:

- Rutinar for planlegging av prosjekt
 - Kalkyler
 - Risikovurderingar
- Samsvarer planlegging med det det kostar og i høve tid
- Auke i kostnader i høve opphavleg løyving
- Rutinar for evaluering og varsling om auke i kostnader undervegs
- Plukke døme frå begge sektorane
- Momsrefusjon

På bakgrunn av det som kom fram i møtet vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

PS 108/16 Bestilling av selskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører selskapskontroll av Bybanen AS

Føremål med selskapskontroll av Bybanen AS er å vurdere om brukarane får dei tenestene dei har krav på.

Problemstillingar/moment:

- Har Bybanen AS ein «plan B» for passasjertransport ved driftsproblem – beredskapsplan
 - Tilfredstillande plan?
 - Fungerer den?
 - Samarbeid med aktuelle aktørar
- Rollefordeling, samhandling og klare grenser mellom aktuelle aktørar som t.d.:
 - Samferdselsavdelinga
 - Skyss
 - Kreolis
 - Bybanen utbygging
 - Bybanen AS

På bakgrunn av det som kom fram i møte vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

PS 109/16 Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyrans operasjonalisering, som ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Sekretariatet presenterte det som ligg på heimesida og intranettet til Hordaland fylkeskommune når det gjeld kontrollutvalet og sekretariatet og svarte på spørsmål frå utvalet.

I punkt 2 a i operasjonaliseringa vert ordet «lurt» bytta ut med «hensiktsmessig». Vidare vart det semje om at møteinnkallingar og møteprotokollar vert send til BT, BA, NRK Hordaland og lokalaviser i Hordaland. I samband med protokollar skal ein framheve rapportar som skal vidare til fylkestinget.

Med desse endringane i operasjonaliseringa av strategien, vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til, inkludert dei endringane som kom fram i møtet, innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyrande operasjonalisering, som ligg føre.

PS 110/16 Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssamband Halsnøy

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS seinast innan 1.11.16.
2. Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med ny skriftleg status på forbetningspunkta i denne selskapskontrollen med frist 30.11.16.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS seinast innan 1.11.16.
2. Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med ny skriftleg status på forbetningspunkta i denne selskapskontrollen med frist 30.11.16.

PS 111/16 Oppfølging - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Hardangerbrua AS seinast innan 1.11.16.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå **Hardangerbrua AS** når det gjeld den utførte selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Hardangerbrua AS seinast innan 1.11.16.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå **Hardangerbrua AS** når det gjeld den utførte selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.

PS 112/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

PS 113/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 5, 6, 8, 9, 17, 22, 23, 25, 36, 39 og 40 innan 31.12.2016, inkludert tidspunkt for når det er planlagt at tiltaka er/skal vera ferdig gjennomført.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 5, 6, 8, 9, 17, 22, 23, 25, 36, 39 og 40 innan 31.12.2016, inkludert tidspunkt for når det er planlagt at tiltaka er/skal vera ferdig gjennomført.

PS 114/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring

Forslag til vedtak

1. Av tilbakemeldinga går det fram at det er sett i verk forbetringar på store delar av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport innan prosjektstyring. Kontrollutvalet registrerer likevel at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få om å få ny oppdatert skriftleg statusrapport på punkta 2.2.2, 2.3, 2.3.1 og 2.3.2 innan 31.12.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Av tilbakemeldinga går det fram at det er sett i verk forbetringar på store delar av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport innan prosjektstyring. Kontrollutvalet registrerer likevel at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få om å få ny oppdatert skriftleg statusrapport på punkta 2.2.2, 2.3, 2.3.1 og 2.3.2 innan 31.12.2016.

PS 115/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.

PS 116/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at frist for å få gjennomført tiltak på punkt 6 i høve forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania, er utsett til november 2016.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg status på dette punktet innan 1.12.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at frist for å få gjennomført tiltak på punkt 6 i høve forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania, er utsett til november 2016.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg status på dette punktet innan 1.12.2016.

PS 117/16 Handlingsplan - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp, både av fylkesrådmannen og av styret/dagleg leiar, i samband med selskapskontroll av Hardanger AKS AS.
2. På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av mars 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.3.2017. Denne tilbakemeldinga må innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp, både av fylkesrådmannen og av styret/dagleg leiar, i samband med selskapskontroll av Hardanger AKS AS.
2. På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av mars 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.3.2017. Denne tilbakemeldinga må innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

PS 118/16 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.1.2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.1.2017.

PS 119/16 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon skuleskys

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av skuleskys i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det er relativt lenge til det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig - oktober 2017 - ber kontrollutvalet om ny førebels status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av skuleskys i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det er relativt lenge til det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig - oktober 2017 - ber kontrollutvalet om ny førebels status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.

PS 120/16 Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om rekneskapsresultata og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 121/16 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 04. – 05.10.2016
- Fylkesutvalet 21.09.2016
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.08., 13.09., 14.09. og 12.10.2016
- Utval for opplæring og helse 07.09. og 06.10.2016
- Utval for miljø og samferdsel 11.08. 06.09.2016

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

PS 122/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Handsaming i møtet

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 123/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

Vedtak

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.